

Søknad

Søknadsnr.	2019-0091	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Inkubatortilbudet 2019-20			

Kort beskrivelse

Aksello er ein av to fylkesdekkande inkubatorar i Sogn og Fjordane, som del av det nasjonale, Siva-koordinerte inkubatortilbudet. Innovasjonskrafta i fylket er god for tida, så antal inkubatorbedrifter har auka monaleg. Finansieringa frå Siva har derimot ikkje auka, så for å støtte behova er det naudsynt med auka finansiering frå andre kjelder.

Prosjektbeskrivelse

Gjennom inkubatoren får grunderar og andre innovasjonsprosjekt tilgang til rådgjeving, kontorfasilitetar, kompetanseheving, nettverk og anna. Aksello brukar ca. to årsverk av eigne tilsette på inkubatorverksemda, og i tillegg har vi eit rådgjevarkorps på 3-5 røynde bedriftsleiarar. Aktivitetane omfattar idefangst og -vurderingar, rådgjeving, kompetanseheving, nettverksaktivitetar, investormøte, tett samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (felles inkubatortilbod i fylket), marknadsføring av tilbudet, støttetjenester og administrasjon. Totale kostnader pr. år for desse eksterne og interne kostnadane ligg på ca. 4-5 mill. kroner.

Antal verksemder i inkubasjon eller pre-inkubasjon hos Aksello i 2017 var 22 og i 2018 vart talet 20. Dette er ein formidabel vekst frå dei 5 vi hadde i 2014.

No søker vi om støtte for 2019 og 2020 i tråd med bestilling frå fylkeskommunen.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Aksello AS Org.nr:987075155	Magnus Thingnesgate 1 6900 FLORØ	47262635
Kontakt- person	Arne Olsen	Magnus Thingnesgt. 1 6900 FLORØ	97573599
Prosjekt- leder	Vanja Viken	Magnus Thingnesgt. 1 6900 FLORØ	41570306

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Frå Siva: Til inkubator

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Til inkubator samt prosjekt

Frå Innovasjon Norge: Til drift av Innovativ klynge

Frå Flora kommune: Til kommunal førstelineteneste

Spesifikasjon

Bakgrunn

Aksello AS er eit lokalt forankra næringsutviklingselskap med hovudmerksemd på verdiskaping i Sogn og Fjordane. Selskapet vart etablert i 2010 og er eigd av det offentlege (Siva og Flora kommune) med 23 prosent og private aktørar (Westcon, Saga Fjordbase, Equinor, Neptune Energy, Flora Industri- og næringsforening, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane) med dei øvrige 77 prosent. Vi er seks tilsette.

Aksello var industriinkubator gjennom Siva sitt nasjonale inkubatorprogram i perioden 2011-16. Frå 2017 er vi stadfesta med ny Siva-avtale fram til 2022. Det legg eit solid grunnlag for lang tid framover. Vi har p.t. 20 verksemder i inkubasjon eller pre-inkubasjon, innan havbruk, petroleum og maritim industri.

Prosjekt mål

Målsettinga er å få inn minimum 6 nye verksemder i inkubasjon pr. år framover, og at vi skal ha minimum 3 vellukka «exits» pr. år. Kor mange arbeidsplassar det kan være snakk om, vil variere sterkt. Eitt døme er inkubator-verksemda Nekst AS, som planlegg meir enn 100 nye arbeidsplassar i Solund, Askvoll og Flora.

Forankring

Aksello sitt inkubatorstilbod er godt forankra i fylkeskommunen sin Verdiskapingsplan og fylkeskommunen sin Strategisk plan for kysten.

Prosjektorganisering

Under dagleg leiar er inkubatorverksemda det største forretningsområdet for Aksello, med ein inkubatorleiar, eitt årsverk med forretningsutviklar samt noko medvirkning frå dei øvrige tilsette. I tillegg trekkjer vi på vårt eksterne rådgjevarkorps, som bistår inkubatorverksemdene og rapporterar til inkubatorleiar.

Heile inkubatorverksemda er koordinert og kvalitetssikra av Siva, som også er eigar i Aksello og representert i vårt styre.

Rekneskapen for inkubatoren vert ført av inkubatorleiar saman med vår rekneskapsfører, Kinn Regnskap AS.

Samarbeidspartnere

Siva er som sagt overordna ansvarleg for det nasjonale inkubatorprogrammet.

På fylkesnivå har Aksello og Kunnskapsparken ein skriftlig samarbeidsavtale frå 2017 som sørger for eit felles inkubatorstilbod i fylket.

Med den nye regioninndelinga tek Aksello sikte på enda sterkere samarbeid med aktørar i dagens Hordaland, spesielt inkubatoren VIS i Bergen, som frå 2018 også er representert i vårt styre.

For idefangst har vi eit spesielt godt samarbeid med Maritim Forening Sogn og Fjordane og førstelinetenesta i dei ulike kommunane, særleg langs kysten.

Inkubatorbedriftene vert som oftast rettleia også til andre finansielle partnere som Forskingsrådet og Innovasjon Norge, som vi samarbeider tett med.

Høgskulen på Vestlandet jobbar vi tett med, spesielt innanfor dei hav-relaterte faga. Mellom anna sit Aksello i Referansegruppa for avdelinga i Florø. Inkubatorverksemdene våre har hatt mange bacheloroppgåver hjå studentane.

Til slutt må nemnast våre industrielle eigarar, som tek aktivt del i utvelging og utvikling av inkubatorverksemdene.

Aktivitetar

Aktivitetane delast i to, etter SIVA sine definisjonar og bestillinga frå fylkeskommunen: Art. 27-relevant og Art. 28-relevant:

Art. 27 (driftsstøtte) omfattar personal- og administrasjonskostnadar knytta til marknadsføring av tilbodet; idefangst og -vurderingar; arrangere nettverksaktivitetar, opplæringsprogram og samlingar; arrangement av investormøte; deltaking på Siva-samlingar, Inunet-samlingar og andre; koordinere erfaringsdeling mellom verksemdene; koordinering med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane; koordinere rådgjevarar; eigen kompetanseheving; rapportering til Siva og andre; samt å drifte eit innovativt miljø med infrastruktur, støttetjenester og administrasjon.

Art. 28 (innovasjonsstøtte til SMB"ar) omfattar rådgjeving innan forretningsutvikling, organisasjonsutvikling, immaterielle rettigheter og anna; støttetjenester som kontorlokale, databankar, bibliotek, marknadsundersøkingar, laboratoriebruk, prototype-bygging, sertifisering, mellombels innleie av høgt kvalifisert forskings- og utviklingspersonale samt andre tenester knytta til innovasjon.

Målgrupper

Målgruppene for inkubatortilbodet er innovative verksemder i heile Sogn og Fjordane, antan det er grunderverksemder som startar opp eller knoppskyting og forretningsmessig innovasjon frå etablert næringsliv.

Tilbodet er åpent for alle bransjar, men vi har eit spesielt godt nettverk og kompetanse innan havnæringane marin, maritim og petroleum.

Resultat

Som nevnt er målsettinga at 6 nye verksemder vert tatt opp i inkubatoren kvart år, og at 3 av desse får ein vellukka "exit". Del av det å vere ein vellukka exit er at produktet/tenesten finn sin marknad, og difor at verksemda vil ha behov for (fleire) tilsette.

Ei sekundær målsetting er at inkubatortilbodet drivast på ein slik måte at tilbodet er attraktivt for alle som ynskjer å drive innovativ verksemd i Sogn og Fjordane.

Effekter

Effekten, eller utviklingsmålet, i tråd med fylkeskommunen sin Verdiskapingsplan og Aksello sin strategi: Sikre og auke antal arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Inkubatortilbodet inneber nye opptak gjennom heile året og jamn aktivitet innanfor rådgjeving, kompetanseheving, nettverksaktivitetar og anna også jamnt over heile året. Ingen spesielle milepælar.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
27:Adm., planlegging, rapportering	600 000	600 000				1 200 000
27:Kontorfasilitetar og anna infrastruktur	400 000	500 000				900 000
27:Marknadsføring, idefangst	900 000	900 000				1 800 000
27:Nettverksaktivitetar, samlingar, kurs	600 000	700 000				1 300 000
28:Innovasjonsrådgjeving til målbedriftene	1 300 000	1 400 000				2 700 000
28:Kontorfasilitetar til målbedriftene	200 000	200 000				400 000
28:Støttetenester til målbedriftene	800 000	800 000				1 600 000
Sum kostnad	4 800 000	5 100 000				9 900 000

Budsjettpostane er merka med høvesvis Art. 27 og Art. 28 i statsstøtteregulverket, i tråd med bestillinga frå fylkeskommunen.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
27/8Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	1 850 000	2 050 000				3 900 000
27:Aksello sine eigarar	350 000	450 000				800 000
27:Siva, støtte til innovasjonsklynger	300 000	300 000				600 000
27:Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	600 000	600 000				1 200 000
28:Eigenandel inkubatorverksemdene	500 000	500 000				1 000 000
28:Siva, innovasjonsstøtte til SMB	1 200 000	1 200 000				2 400 000
Sum finansiering	4 800 000	5 100 000				9 900 000

Frå fylkeskommunen søker vi, fordelt på Art. og år:

Art. 27: kr. 1.250.000 i 2019 og kr. 1.350.000 i 2020;

Art. 28 kr. 600.000 i 2019 og kr. 700.000 i 2020.

Vi føreset at støtteintensiteten frå det offentlege for aktivitetar under Art. 28 kan være opp mot 100% til oss som inkubator, fordi det er målbedriftene som er underlagt krav om maksimal støtteintensitet (Aksello er kun ein kanal).

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato